



Masfjorden kommune

## KONTROLLUTVALET FOR MASFJORDEN KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

**Møtedato:** 29.11.2017

Stad: Møterommet, Masfjorden kommunehus

Kl.: 09.15 – 11.30

Tilstade: Arthur Sjursen (leiar), Wenche Dåe (medlem) og Willy Borge (medlem)

Innkalla: Rådmann Svein Helge Hofslundsengen

Revisjon: Reidar Bjørsvik

Sekretær: Øivind Olsnes

Forfall:

---

### 25/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 36/17 vart ettersendt innkallinga, men vart ført opp på saklista i møtet.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### 26/17 Godkjenning av møteutskrift

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteutskrift frå sist møtet 17.10.17.

### 27/17 Skriv og meldingar

Saksvedlegg:

- a. Invitasjon til folkevaldopplæring 29.-30. januar 2018
- b. Nordhordland Revisjon IKS - fagdag 27.11.2017

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

### 28/17 Uavhengighetserklæring oppdragsansvarlig revisor Masfjorden kommune

Saksvedlegg: Uavhengighetserklæring frå Nordhordland Revisjon IKS,  
datert 27.10.2017.

Nordhordland Revisjon IKS v/ Reidar Bjørsvik har utferdig ei eigavurdering av uavhengighet i høve krav til kommunelova § 79 og revisjonsforskriftene §§ 13 og 14.

Revisjonssjefen Reidar Bjørsvik orienterte kort om saka.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek erklæringa til vitande

**29/17 Orientering om rekneskapsrevisjon 2017**

Saksvedlegg: Brev 19.10.17 frå Nordhordland Revisjon, om fristar i årsoppgjeret

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik deltok i møtet og orienterte om saka og om gjennomførte revisjonsoppgåver i 2017.

- Det vart orientert om kva fokusområde som revisjonen vil vektlegge for 2017: momskompensasjon, uteståande fordringar, rutinar fakturering, gjennomføring/bokføring investeringsprosjekt
- Frå neste år vil det verte ein endra rutine med strengare krav i høve endeleg avlegging av rekneskapet pr. 15.02.

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen til vitande.

**30/17 Orientering om status oppfølging revisjonsrapport økonomi og utfordringar i høve økonomiske utsikter i statsbudsjettet**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen var innkalla til møtet og gjorde greie for status i høve oppfølging av revisjonsrapport om økonomi (jmf sak 22/17).

- Status bemanning og midlertidige tiltak
- Oppfølging av utestående krav

Rådmannen orienterte vidare om dei utfordringar som utsikter i statsbudsjettet kan gje kommunen for 2018.

- Endringar i eigedomsskatt vert ikkje gjennomført som først føreslege i statsbudsjettet, vert framleis høve til å skrive ut eigedomsskatt på nettanlegg
- Budsjetterer med eit lågare netto driftsresultat for 2018

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet takka for informasjonen og tek den til orientering

**31/17 Orientering frå administrasjonen om rutinar og system for vedlikehaldsarbeid av kommunale bygningar**

Rådmannen bad om at saka vart utsett.

**Samrøystes vedtak:**

Saka vart utsett til neste møte

**32/17 Påmelding kurs**

**Samrøystes vedtak:**

Dei tre faste medlemene i kontrollutvalet vert påmeld NKRF sin Kontrollutvalgskonferanse 7.- 8. februar 2018

**33/17 Møteplan/årsplan for Kontrollutvalet 2018**

Saksvedlegg: Framlegg til møteplan/årsplan

Møtedatoar, aktuelle saker og fokusområde for oppfølging vart drøfta i møte.

**Samrøystes vedtak:**

Møteplan/årsplan for kontrollutvalet 2018 vart godkjend med dei endringar som vart gjort i møte.

**34/17 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval**

**Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollane.

**35/17 Eventuelt**

Neste møte i kontrollutvalet er torsdag 15. februar 2018 kl. 09.15.

Saker på neste møte er:

- Orientering frå administrasjonen om rutinar og system for vedlikehaldsarbeid av kommunale bygningar

### 36/17 Sluttrapport – Matre idrettsbane og nærmiljøanlegg

Saksvedlegg: Sluttrapport om prosjektet  
Revisors melding til prosjektrekneskapet, datert 26.11.17

I samsvar med kommunen sitt økonomireglement pkt 18.16 er det utarbeida ein sluttrapport for prosjektet «Matre idrettsbane og nærmiljøanlegg».

Revisor har gjennomført kontroll av prosjektrekneskapet og har i si revisjonsmelding kommentert nokre tilhøve som vert rådd til å endre ved planlegging av tilsvarende samarbeidprosjekt med private aktørar.

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik orienterte om saka.

#### **Samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet har ikkje merknader til prosjektrekneskapet for «Matre idrettsbane og nærmiljøanlegg», men vil peika på revisor sine kommentarar i si melding.


Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjener sluttrapport og prosjektrekneskapet slik det ligg føre.

Masfjorden, 29.11.2017

  
Arthur Sjursen/leiar

  
Wenche Dåe /medlem

  
Willy Borge /medlem

  
Øivind Olsnes/sekretær



## ÅRSMELDING 2017

### KONTROLLUTVALET - MASFJORDEN KOMMUNE

#### Organisering og møter

Denne rapporten gjeld kontrollutvalet sitt arbeid i tidsrommet 01.01.2017 til 31.12.2017.  
I denne perioden har utvalet hatt følgende samansetjing:

##### Faste medlemmer:

- Arthur Sjursen (leiar)
- Bjarte Kvinge Tvedt (nestleiar)
- Wenche Dåe

##### Varemedlemmer:

- Birger Wergeland  
(vara for Sjursen)
- Willy Borge (vara for Tvedt)
- Rigmor Søvik (vara for Dåe)

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som er direkte valt av kommunestyret og rapporterer om sitt arbeid til kommunestyret. Kontrollutvalet skal føre løpende tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga og sjå etter at det er ei forsvarleg revisjonsordning, på vegne av kommunestyret. Kontrollutvalet vedtok i sak 06/16 eit dokument som seier noko om ansvar, oppgåver og organisering av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sine møte er opne på lik linje med andre politiske møte.  
Utvalet har hatt 4 møter i 2017 og handsama 36 saker inklusiv formaliasaker.

#### Revisjonen og sekretariatstenesta

Den praktiske utføringa av tilsyns- og kontrolloppgåvene vert ivaretake hovudsakeleg av revisjonen på oppdrag frå kontrollutvalet. Masfjorden kommune er medeigar av Nordhordland Revisjon IKS, som er eit interkommunalt revisjonsselskap eigd av dei sju kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy.

Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovedoppgåve å sjå til at dei saker som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk. Nordhordland Utviklingsselskap IKS ivaretok sekretariatsfunksjonen for kontrollutvala i kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy. I første halvår 2017 var Tonje Husum Aarland sekretær for kontrollutvala og Øivind Olsnes var sekretær i andre halvår.

#### Saker i 2017

Kontrollutvalet er oppteken av at kommunen har gode rutinar og internkontroll på dei ulike områda. Det er viktig for å sikre innbyggjarane gode tenester og at midlane til kommunen vert



forvalta på ein god måte. Kontrollutvalet har kalla inn administrasjonen og ordførar for å få naudsynte opplysningar i aktuelle saker.

#### Kontrollutvalet sin uttale til rekneskap og årsmelding

Kontrollutvalet skal gje ein uttale til rekneskapen. Årsrekneskapen viste eit netto positivt driftsresultat på 2,5 mill kr som utgjer 1,14 % av driftsinntektene. Avvika er forklart i analysen av årsrekneskapen og årsmeldinga. Kontrollutvalet ser det som positivt at kommunen har lagt fram positive netto driftsresultat dei siste åra, også i 2017. Dette er viktig for at kommunen kan oppretthalde eit godt tenestetilbod til innbyggjarane framover.

Kontrollutvalet merka seg ulike kommentarar frå revisjonen i revisjonsrapport nr. 15 (datert 11.04.17). Dette vart følgd opp av kontrollutvalet i møte den 17.10.17 (sak 22/17) og den 29.11.17 (sak 30/17), der rådmann orienterte om status for kommunen si oppfølging av merknadane.

#### Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Plan for selskapskontroll vart vedteken av kommunestyret i sak 132/2016 og det vart då vedteke å prioritere følgjande selskapskontroll i denne perioden:

- Enekvane AS

Plan for forvaltningsrevisjon vedtok kommunestyret i sak 033/2016. Det vart vedteke å prioritere følgjande område for forvaltningsrevisjon i denne kommunestyreperioden:

- Kommunen som skuleeigar – ressursbruk, tilbod og skulemiljø
- Organisering, drift og ressursbruk og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Etikk – korleis arbeidar kommunen med problemstillingar knytt til etikk og varsling i organisasjonen?

Utvælet ser på forvaltningsrevisjon som eit nyttig reiskap for at utvalet skal kunne gjere den jobben som ein er sett til. Det er også viktig at rapportane vert nytta aktivt både av administrasjon og politikarar i kommunen, som eit reiskap for å forbetra og kvalitetssikre tenestene.

Kontrollutvalet har i 2017 følgd opp kommunestyret sine vedtak slik:

#### ***Forvaltningsprosjekt «Kommunen som skuleeigar»***

Kontrollutvalet tinga oppstart av prosjektet i 2016 frå revisjonen, men oppstart, framdrift og prosjektplan har vorte forseinka og endra. Prosjektet vert avslutta på nyåret 2018.

#### ***Selskapskontroll av Enekvane AS***

Selskapskontroll av Enekvane AS vert planlagt gjennomført i 2019.



### Oppfølging av revisjon

Kontrollutvalet skal sikre at kommunen har ein forsvarleg revisjon. Revisjonen har vore i fleire utvalsmøter for å orientere om sitt pågående arbeid og planar for revisjon. Revisjonen har mellom lagt fram si erklæring om uavhengighet. Revisjonen av årsrekneskapen er tilfredstillande utført etter kontrollutvalet si oppfatning, jmf. revisjonsmeldinga til årsrekneskapen datert 11.04.2016 og revisjonsrapport nr. 15 datert 11.04.2016.

### **Andre saker som er handsama av kontrollutvalet i 2017:**

- Orientering om NGIR
- Orientering om varslingsrutinane i kommunen
- Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten « Tenester til barn og unge med særskilte behov» (2013)
- Sluttrapport – Matre idrettsbane og nærmiljøanlegg
- Oppfølging av revisjonsrapport nr. 15
- Orientering om økonomisk status i høve til budsjett 2017
- Orientering om rekneskapsrevisjon 2017
- Orientering om kurs og konferansar

### **Andre kommentarar**

Leiar Arthur Sjursen og medlem Wenche Dåe deltok på NKRFs Kontrollutvalgskonferanse på Gardermoen februar 2017. Leiar deltok på møte den 6. juni 2017 for leiarane i kontrollutvala i Nordhordland.

Masfjordnes, 15. februar 2017

  
Arthur Sjursen  
Leiar